



Referat frå styremøte i Radøy idrettsråd:

Torsdag 24.05.2018 kl 1800 i Kommunehuset (Skageneset)

Desse møtte: Bjørn Ove Myking, Odd-Helge Hagen, Øystein Dalland og Olav Steinar Namtvedt

Forfall: Tanja Thomassen og Tanja Smeding

Saksliste:

- 1. Konstituering**
- 2. Fordeling av Vedlikeholdsmidlane (Radøy kommune)**
- 3. Fordeling LAM midlane (Staten)**
- 4. Søknad frå Manger Cup - Uttale**
- 5. Info ang kommunesamanslåinga**
- 6. Treningskontakt kurs**
- 7. Eventuelt**

Sak 1: Konstituering

Vedtak:

- Skrivar: Olav Steinar Namtvedt
- Kasserar: Bjørn Ove Myking

Sak 2: Fordeling av vedlikeholdsmidlane (Radøy kommune)

Odd-Helge tok opp spørsmålet om midlar til Boccia-bana. Idrettsrådet var samde om at bana får vekttal 0,1.

Vedtak: Radøy idrettsråd tilrår slik fordeling av vedlikeholdsmidlane frå Radøy kommune:

Sak 3: Fordeling av LAM – midlane (staten)

Vedtak:

Radøy idrettsråd tilrår slik fordeling av LAM -midlane (staten) for 2018:

			Totalt		Total sum Radøy kommune
	<u>6-12 år</u>	<u>13-19 år</u>	<u>662</u>	<u>kr 363 813</u>	<u>kontonummer</u>
Hordabø il	127	109	236	kr 129 537	36365021036
Radøy il	75	7	82	kr 45 009	36360702027
Radøy symjeklubb	38	16	54	kr 29 640	36365056778
Radøy/Manger FK	128	65	193	kr 105 935	36325195546
Radøy Sportsskyttarlag	24	33	57	kr 31 286	36325289524
Radøy Bordtennisklubb	0	0	0		
Manger il	22	17	39	kr 21 407	36360701470
Nordhordland Pistolklubb	0	1	1	kr 1 000	

Radøy Idrettsråd har aktivitetstala som grunnlag til fordelinga og jamt fordelt barn og ungdom

Sak 4: Søknad frå Manger Cup – Uttale

Uttale:

Radøy Idrettsråd rår Radøy kommune til å vurdera redusert husleige i samband med Manger Cup.

Då søknaden ikkje inneheld noko om økonomien i Manger Cup, finn ikkje Radøy Idrettsråd grunnlag for å føreslå storleik på ein reduksjon i leige for Manger Cup.

Sak 5: Info ang kommunesamanslåinga

Bjørn Ove orienterte frå samtalar med Bjørn Tore(Meland) og Jon Helge(Lindås). Bjørn Tore skal organisera eit møte med den nytilsette kultursjefen i Alver, Eirik Utne. Radøy idrettsråd finn det rett at heile fellesnemnda for idrettsråda møter, slik at flest mogeleg får informasjon om status i arbeidet når det gjeld idretten i den nye kommunen.

Sak 6: Treningskontaktkurs

Bjørn Ove orienterte om arbeidet med førebuing av treningskontaktkurs. Det er lagt opp til 3 samlingar – 03/12-2018, 19.-20/01 og 02.-03/02 2019. Sjå vedlagte skriv om kurset.

Radøy Idrettsråd ser fram til dette kurset og vonar påmeldinga vert god.

Kostnaden er sett til kr 1.950,-. Radøy Idrettsråd oppmodar Radøy kommune til å sponsa kurset

Sak 7: Anna

- Odd-Helge informerte om at Manger Idrettslag hadde fått kr. 1.000.000,- i spelemidlar til bane i Grønålen i årets tildeling
- Idrettsrådskonferansen 2019 i Hordaland
 - Bjørn Ove orienterte om at det blir cruise til Danmark (Ålborg) 08.-10.mars 2019. Idrettsrådet kjem attende til påmelding når det ligg føre nærare informasjon om konferansen

Møtet slutt kl 1930

Olav Steinar Namtvedt, skrivar